



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Dykkar ref.:
Vår ref.: 1460844
Sakshandsamar: Nesdal/Haugnes

05.04.2019

Uttale til «Kontrollstasjon 2019 – stoppregel i Sverige»

Vi viser til Olje- og energidepartementet sitt høyringsbrev av 18.12.2018 der ein ber om merknadar til rapport som «omhandlar i hovudsak vurderingar knytt til innføring av ein såkalla stoppmekanisme i Sverige».

Ved innføring av eit felles norsk-svensk støttesystem var målet definert til å vere 28,4 TWh ny fornybar elektrisitetsproduksjon i år 2020. Etter utviding med ytterlegare 18 TWh i Sverige i år 2030, er det samla målet 46,4 TWh ny fornybar kraftproduksjon i 2030. Ved definisjon av desse måla, så legg vi til grunn at ein ynskter ei mengde fornybar kraftproduksjon rundt målet – og ikkje enten langt over eller langt under målet.

Vår oppfatning er at støttesystemet er tenkt å gje ein elsertifikatpris som skal utgjere differansen mellom den venta kraftpris og den venta naudsynte totalinntekt for prosjektet, for eit tilstrekkeleg tal nye kraftprosjekt – slik at målet vert nådd. Systemet er dermed mykje påverka av venta kraftpris og utvikling i utbyggingskostnad. Som kjent er energi prega av sykliske konjunkturar, og dei nordiske kraftprisane har høg volatilitet. Det har vore store variasjonar i kraftprisane sidan innføring av elsertifikatsystemet, og det er absolutt mogleg at ein vil sjå store svingingar i kraftprisane også dei neste åra. Samtidig er byggekostnadane for vindkraft betydeleg redusert siste åra. Endringane er delvis forankra i marknadsmessige faktorar, men også myndighetsbestemte faktorar som særskilte avskrivningsreglar for vindkraft har påverka lønsemda i prosjekta. «Utbyggingsperioden» i eit slikt støttesystem vil kunne gje følgande moglege utfall ifht målet: *ikkje måloppnåing, balanse* eller *overoppylling*. Ettersom etterspurnaden etter elsertifikat er fast, så vil ei manglande måloppnåing innebære potensielt «uendeleg» høge prisar – og sannsynleg ville det bli grepe inn for å skjerme forbrukarane. Eit system «i balanse» ville bli påverka av forbruksmengder og vêrtypar, og truleg ville ein fått skiftande periodar med større eller mindre overskot av elsertifikat. Skulle det bli stor knappheit på elsertifikat nokre år, så ville det truleg vere aktuelt å intervensere for å skjerme forbrukarane for høge prisar. Dersom utfallet


av utbyggingsfasen blir ei «overoppfylling» av målet så vil konsekvensen bli at det ikkje vil vere bruk for alle utstedte elsertifikat - og prisen vil då gå mot null.

Vi stiller spørsmål ved om systemet er godt nok utforma ut frå desse omsyna:

- 1) Målet er definert til 46,4 TWh – ikkje langt over eller langt under
- 2) Tida frå innføring til avslutning av innfasing er svært lang (hhv ca 9 og 18 år for Noreg og Sverige). Tek systemet omsyn til at marknadsprisar varierer - og vil ei oppnådd teknologisk utvikling medføre at tidlege utbyggjarar ikkje vil få dekkja sine kostnader?
- 3) Er systemet designa med (i praksis) berre eit mogleg utfall – at målet vert overoppfylt?

Vår oppfatning er at elsertifikat som støttesystem treng raffinering for å vere eit velfungerande støttesystem som leverer i tråd med forventningane til investorane. Det kan vere ei oppfatning av at elsertifikatsystemet har vore ein suksess ettersom det kjem mykje ny fornybar kraftproduksjon til ein (per i dag) venta lav kostnad for forbrukarane. Definisjonen på suksess for systemet bør kanskje også målast ut frå om investorane vil ha nok tru på støttesystemet til å investere i ein eventuell seinare målperiode med same type system. Ut frå dei erfaringar som er gjort med systemet hittil så kan det vere grunn til å tru at denne tilliten ikkje er der i dag. Vi anbefaler derfor norske og svenske myndigheter om å besørge nødvendige tiltak slik at elsertifikatsystemet blir avslutta i balanse.

Venleg helsing
SFE Produksjon AS



Ole-Johnny Nesdal
Porteføljeforvalter



Bengt Haugnes
Handelssjef